



forum for  
**natur og friluftsliv i**  
**Sogn og Fjordane**

I-Vest Consult  
[post-vestconsult.no](http://post-vestconsult.no)

Leikanger 12.04.2016

## **Høyringsfråsegn til varsel om planoppstart Naustholmen i Flora**

Forum for natur og friluftsliv, FNF, sender høyringsfråsegn til planoppstart Naustholmen i Flora i lag med følgjande organisasjoner:

### **Om Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:**

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er medlem i Norges Naturvernforbund som er landets eldste natur- og miljøvernorganisasjon. Naturvernforbundet arbeider for å ta vare på natur og miljø slik at menneskeleg verksemeld ikkje påfører naturen større påkjenningar enn han toler. Vi er opptekne av eit vidt spekter av saker innan miljø- og naturvern. Sogn og Fjordane sin flotte natur er truga av mange og store utbyggingsplanar, spesielt innan kraftproduksjon av vind og vatn.

<http://naturvernforbundet.no/sognogfjordane/>

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 14 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 6.437. Tiltaksområdet ligg i Flora Turlag sitt virkeområde <https://flora.dnt.no/>

### **Formål/bakgrunn for planarbeidet:**

Vi viser til tidlegare innspeil frå naturvernforbundet knytt til Florelandet Nord og etterspør igjen konkret den reelle trøngen for utløysing av arealstorleiken i planframlegget. Dette må utgreiast i planen.

### **Utgreiingsbehov:**

Det er no lagt føringar for utgreiingsbehov der desse bør inngå:

- landskap og estetikk
- naturmiljø/naturmangfold inkl. verknader for arter og økosystem, økosystemtenester og vurdering etter naturmangfaldlova, NML og grad av påverknad og ureining av tilliggande miljø

- naturressurser
- kulturmiljø
- friluftsliv og nærmiljøet, nosituasjon og mogleg framtidig utvikling knytt til folketalsvekst i Flora
- strandsone, sjø og vassdrag inkl. vurdering etter vassforskrifta (vanndirektivet)
- infrastruktur
- miljøfaglege høve inkl støy
- ROS-analyse (faremoment, beredskap, klima, stormflo, havnivåstigning m.m.)
- reell arealtrong, no og i høve framtidige endringar
- alternative løysinger
- avbøtande tiltak

### **Vurdering av krav om konsekvensutgreiing:**

Kva vurdering har fylkesmannen gjort i høve trong for konsekvensutgreiing eller ikkje?

Tiltak over 15000 m<sup>2</sup> BRA/15 dekar og som vil få vesentlige verknader for miljø og samfunn, stiller krav vel til konsekvensutreiling av tiltaket etter **§ 2.Planer som alltid skal behandles etter forskriften**

Følgende planer skal alltid behandles etter forskriften;

- a)regionale planer med rammer for utbygging,
- b)kommuneplanens arealdel,
- c)kommunedelplaner med områder for utbyggingsformål,
- d) områdereguleringer, og detaljreguleringer på mer enn 15 dekar, som omfatter nye områder til utbyggingsformål,
- e)områdereguleringer som fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og vedlegg II,
- f)reguleringsplaner for tiltak i vedlegg I.

Formål med og krav til utarbeiding av KU er omsyn til:

- miljø og samfunn
- betre planar og tiltak
- samt redusere negative verknader av planar og tiltak.

Vi meiner det er trong for konsekvensutgreiing i ein så omfattande og irreversibel sak som denne!

### **Om Naustholmen og vannforskrifta:**

I følgje [vann-nett.no](http://vann-nett.no) ligg omsøkt område i vassførekomsten Botnafjorden som tilhører vasstypen ”beskyttet fjord/kyst”.

Vannforekomsten er foreløpig klassifisert med økologisk tilstand som ”antatt god”, med lav pålitelighetsgrad. Den kjemiske tilstanden er udefinert. **Miljømålet for vannforekomsten er god kjemisk og økologisk status 2021.** Det står «ingen risiko» for at miljømålet ikkje skal nåast innan 2021. Den omsøkte verksemda og påverknaden av denne er ikkje oppgitt i vassforvaltningsplanen.

Frå vann-nett: <http://vann-nett.no/portal/Water?WaterbodyID=0281010900-1-C>

Vassforskrifta fastsett miljømål for vassførekomster og delar inn vassførekomster i fem tilstandsklasser. Miljømåla i vassforskrifta §§ 4 - 6 inneber at tilstanden i vassførekomstane skal beskyttast mot forringing, og forbetraast med mål om å oppnå god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand. Dersom utfyllinga fører til at vassførekomsten Botnafjorden endrar tilstandsklasse i negativ retning, vil det føreliggje ein forringing. Miljømåla skal nåast, og forringing er ikkje tillate med

mindre vilkåra for å gjere unntak er oppfylt, jf. vassforskrifta § 12. Fylkesmannen må vurdere om krava i vassforskrifta er til hinder for å gi tillatinga etter ureiningsloven. Er dette gjort? Dette må vere på plass!

**EU-domstolen og «Weser-domen» har relevans til saken og planoppstart Naustholmen:**  
Den gjekk på mudring av ein elv i Tyskland og kva som var innanfor rammene til vassdirektivet:  
(<http://curia.europa.eu/juris/documents.jsf?num=C-461/13>)

Domen slår fast at miljømåla ikkje berre er generelle mål for vassforvaltningsplaner, men **bindande** mål for den enkelte vassførekomst og det enkelte prosjekt som vurderast:

«These matters confirm the interpretation that Article 4(1)(a) of Directive 2000/60 does not simply set out, in programmatic terms, mere management-planning objectives, but has binding effects, once the ecological status of the body of water concerned has been determined, at each stage of the procedure prescribed by that directive» (43).

Domen understrekar at miljømålet «beskytte vassførekomstane mot forringing» er ein bindande forplikting: «confirms the interpretation that prevention of deterioration of the status of the bodies of water is binding in nature» (44) (og at dette også gjelder forringing frå «svært god» til «god» tilstand (40). Landa må avslå prosjekter som forriger tilstanden (eller vanskeleggjer oppnåing av miljømål) ELLER ta i bruk unntaksbestemming (som då føresett oppfylling av vilkåra for unntak i §12). Departementet sin vegleder seier om §12 at: «Paragraf 12 skal vurderes når det skal fattes enkeltvedtak om ny aktivitet eller nye inngrep i en vannforekomst som kan medføre at miljømålene ikke nås eller at tilstanden forringes».

Domen går nøyne inn på korleis «forringing av tilstand» skal forståast, og poengterer viktigheten av klassifiseringssystemet og dei enkelte kvalitetselementene. Tyskland har meint at man ikkje treng å bruke unntak dersom det kun er endring av tilstandsklasse for enkelt-kvalitetselement som ikkje påverkar den samla/generelle tilstandsvurderinga. Domstolen slår derimot fast at **einkvar forringing av tilstandsklasse for enkelte kvalitetselement er å regne som ein forringing, også der det ikkje endrar på den samla tilstandsvurderinga.**

Her er formuleringa i departementa sin vegleder §12 at: «I denne vurderingen er det tiltakets forventede påvirkning på relevante kvalitetselementer som er avgjørende.»

«Weser-domen» kan no føre til at vi kan krevje ein noko strengare tolking av «forringing».

**Forvaltninga skal følge vassdirektivet.** Dette har vore heilt klart sidan vart klart at Norge skulle implementere direktivet. Det er såleis irrelevant om vassforvaltningsplanen fortsatt ligg til godkjenning i KLD.

### **Friluftslivsområda:**

Områda Naustholmen, Gaddholmen, Perholmen og sør til Langholmen er lokalt viktige friluftsområde. Området er preget av å vere indre skjærgård med mange mindre holmer og skjær og ligg meir i le og ly for vind enn områda vest for Flora by. Kvaliteten ved det resterande friluftsområdet vert svært redusert ved ein eventuell planlagt utbygging, visuelt og støymessig. Ved framtidig byutvikling og folketalsauke vert det større press på og særskilt viktige å ta i vare bynære friluftsområde, både i sjø og på land!

Lokalt viktige område for friluftsliv i Flora kommune, utsnitt frå Fylkesatlas:





Som ein ser her er området kring Naustholmen ein vesentleg del av det lokale friluftslivet i sjø nær Florø by.

### Naturmangfold:

Det er registrert både lomvi (CR) og storspove (NT) på nabøøyane i Artsobs., men det er truleg frå meir tilfeldige observasjonar og seier lite om kva som finst i området totalt.

Prosess/framdrift:

### Medverknad:

I tillegg til dei offentlege høyringane ser vi fram til at det vert opne møte eller folkemøte der sivil sektor og frivillige organisasjonar kan vere med å drøfte planane, samt skissere andre alternativ.

Venleg helsing

Forum for natur og friluftslivet

Elisabeth Dahle  
fylkeskoordinator

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Marit Vøien Nes, leiar



Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernutvalet  
Ron Overdevest, leiar



Kopi til:

Flora kommune  
Fylkesmannen  
Fylkeskommunen

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost [sognogfjordane@fnf-nett.no](mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no)

Nettside [www.fnf-nett.no/sognogfjordane](http://www.fnf-nett.no/sognogfjordane)